# Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg
## Referat

**Til stades:**
Mona Molland (Gulen) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Leni Dale (Alver), Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Solrun Hauglum, Teams (Vaksdal – tom sak 23/23) Kathrin Omland (RNI) og Anita Bjørsvik Kvamme (RNI)

**Møteleiar:** Leni Dale (Alver)

**Referent:** Kathrin Omland (RNI)

Vedlegg til saker i mappe (link).

| | |
|---|---|
| **Møte:** | **3- 2023,** |
| **Dato/tid:** | **09.juni Kl. 9 - 15** |
| **Stad:** | **RNH, 6.etg rom 6011 - Alver** |

| Saksnr. | Saker | V / O / D |
|---|---|---|
| **21/23** | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br><br>**Vedtak:** Innkalling og saksliste godkjent utan merknader. | V |
| **22/23** | **Godkjenning av referat frå møte 2- 2023** - Vedlegg:<br>Møte 2- 2023 Kommunalsjefgruppa for HO 21.april-23.docx<br><br>**Vedtak:** Referat frå møte 2 -2023 godkjend utan merknader | V |
| **23/23** | **KS v / Hilde Ystanes** – Kommunalsjefsnettverk helse i Vestland - organisering, formål og form. Vedlegg:<br>PP sak 23 - 23 - Helseleiarnettverk Nordhordland uten .pptx<br><br>Hilde presenterte KS sine tre roller. Vidare info om helseleiarnettverket i Vestland. Det er no tre forskjellige Helsefelleskap samla i KS Vestland. Desse har ulike understrukturar (tidlegare Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland). Målet til KS er få til eit godt samarbeid på tvers av disse.<br><br>**Drøfting:**<br>- Det blei drøfta korleis ein skal skape eit sterkt og nyttig nettverk for kommunalsjefar i Vestland. Arbeidsutvalet hadde tidlegare to samlingar kvart år. Bør ein fortsett behalde KS møtet for kommunalsjefar i gamle Hordaland?<br>- Det er ulike spørsmål og problemstillingar som kjem opp når ein skal forme det nye nettverket vidare. Ein treng å samarbeide i helsenettverket. Står ein samla gir det større kraft. KS snakkar på kommunane sine vegne.<br>- Hilde ber om tilbakemelding frå kommunane. Ho er kommunane sitt bindeledd og kan ta saker vidare. Viktig at vi spelar inn saker til ho. Ho | O |

| | | |
|---|---|---|
| | er og med i det Regionale Fag og Prioriteringsutvalet. Rammene og strukturane må på plass etter kvart, det tek litt tid. Formålet er at kommunane får større kraft.<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa.<br>• Det er einigheit om at eit slikt nettverk er viktig. I nettverket held ein fokus på korleis kommunane skal jobbe vidare.<br>• Kommunalsjefsgruppa HO i Nordhordland ynsker at gamle Hordaland skal ha eit eige møte med KS ein gong i året, og eit møte felles for Vestlandsnettverket. Gruppas KS-representant/kontaktperson tar og kontakt med Hilde/KS ved behov.<br>• Kommunalsjefsgruppa set opp KS som eit fast agenda på sakslista framover for innmelding av aktuelle saker til helsenettverket eller saker direkte til KS – kontaktperson Hilde Ystanes. | |
| **24/23** | **Status ernæringsprosjektet** - v/ Oddvin<br>- Oddvin orienterte om ernæringsprosjektet som no har fått nesten 1.000 000 i midlar. Pga midlane fekk prosjektet økt prosjektleiarstillinga til 70% i sommar og 80% frå hausten - ut året. Masfjorden, Modalen og Osterøy er pilotar.<br>- Representantar frå alle kommunane i NH er meldt inn i arbeidsgruppa.<br>- Prosjektleiar brukar sommaren for å planlegge arbeidet for hausten. For eksempel fellesundervisningar som alle kommunar får nytte av. Korte digitale opplæringssekvensar som lunchmøter osv – då slepp ein å ta ut personale frå drift heile dagar.<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. Gruppa støttar at det blir fellesundervisning, gjerne digitalt. | O |
| **25/23** | **Etablering av nettverk for ernæringsoppfølging**:<br>Info frå Elena Sandgathe (teams) ang behov for fagpersonar i nettverk for ernæringssamarbeid - sak 18/23 frå SSU-møtet 1/6-23 - Vedlegg:<br><u>SSU - Sak 18_23 Etablering av nettverk for ernæringsoppfølging.pdf</u><br><u>SSU - Sak 18.23 SSU om etablering av faglig nettverk for ernæringsoppfølging - 01.06.2023.pptx</u><br><br>**Val av kommunal representant til arbeidsgruppe ernæring for pasientar innan rus og psykiatri -** ref OU sak 15/23 - Vedlegg:<br><u>OU - Sak 15_23 Samhandling om ernæringsoppfølging.docx</u><br><br>Innanfor **ernæring** treng ein to ulike representasjonar frå kommunane i Nordhordland:<br><br>• <u>Fagpersonar frå kommunen til **nettverk** for ernæringssamarbeid</u>. Dette er eit viktig strukturert samarbeid. Gunstig at ein møtes på tvers, lære av kvarandre, kompetanseheving. Å delta i nettverket vil ikkje bli eit omfattande arbeid. 2-4 møter pr år, i hovudsak digitalt. Ynskjer tilsette som er engasjert og jobbar med ernæring frå somatikken. | O / D / V |

| | | |
|---|---|---|
| | • <u>Kommunal representant frå Nordhordland til **arbeidsgruppa** ernæring for pasientar innan rus og psykiatri. Arbeidet leiast av Bergen kommune og Helse Bergen.</u><br><br>**Drøfting og vedtak:**<br><br><u>Fagnettverket:</u> Kommunane i Nordhordland ynskjer å koble ernæringsprosjektet i Masfjorden mot dette fagnettverket. Det vil bli eit godt fagleg samarbeid inn mot eit viktig nettverk. Kommunalsjefsgruppa melder inn prosjektleiar Anne Merethe Reknes i ernæringsprosjektet fyrst, så vil ho som leiar etter kvart melde inn fleire ved behov.<br><br><u>Arbeidsgruppa:</u> Ein utfordrar nettverket Psykisk helsevern i Nordhordland til å finne ein representant til arbeidsgruppa ernæring. Frist 30.06.23 – Kathrin tek kontakt.<br><br>Kathrin lagar eiga ernæring teams-mappe under Kommunalsjefsgruppa kor vi kan samlar felles info.<br><br>Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. | |
| **26/23** | **KOMPIS** – avklaringar -<br>Oppfølging av sak 16/23 frå sist Kommunalsjefsmøte den 21/4-23 og sak 5/23 frå Kommunalsjef og Kommuneoverlegemøtet den 26/5-23.<br><br>Tonje gjennomgjekk status og tidlegare arbeid i prosjektet KOMPIS.<br><br>**Drøfting:**<br>Behovet for psykologar i Region Nordhordland er stort og gruppa ynskjer å søke midlar til KOMPIS - kommunepsykologar i spesialisering. Ein får fagleg støtte frå for eksempel Psykologforeininga rundt dette prosjektet. Prosjektet vil kunne hjelpe distriktet med rekrutteringsutfordringane av psykologar i Nordhordland.<br>• Skal kommunane søkje prosjektmidlar saman?<br>• Kven skal væra pilotkommunar? Det er viktig at vi står samla i regionen.<br>• Kva blir saksgong – skal saka direkte til Regionrådet eller til Kommunedirektørutvalet fyrst, evt open søknad til Helsedirektoratet? Det ligg ingen midlar ute no.<br>• Vi bør søkja samla – eit prosjekt – men dela prosjektet inn i spor 1 og spor 2. Ein pilot og eit fagsamarbeid.<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefsgruppa i NH tilrår at det vert utarbeidd søknad om nye midlar til utprøving og implementering av KOMPIS-prosjektet. Det er semje om at prosjektet vert tatt vidare i to løp;<br>1. Interkommunalt fagsamarbeid om psykologtenesta der alle kommunane i Region Nordhordland, utanom Vaksdal, deltar.<br>2. Utprøving av pilot i Fensfjordkommunane<br>Anne Hildegunn og Tonje utarbeider utkast til søknad og saksgrunnlag og sender saka til handsaming i kommunedirektørgruppa i første møte etter ferien. Utkast til søknad og sak vert sendt til gjennomgang i kommunalsjefgruppa før den vert sendt til handsaming hos kommunedirektørane. | D / V |

| | | |
|---|---|---|
| | OU Nordhordland bør bli orientert om saka i løpet av hausten. | |
| **27/23** | **Digital samkonsultasjon og heimeoppfølging for kronisk sjuke** - v/ Kathrin<br>Vedlegg: PP sak 27-23 - Løypemelding juni23 - Digital samkonsultasjon og heimeoppfølging av kronisk sjuke - Kathrin.pptx<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. | O |
| **28/23** | **EUVECA v/ Anita Bjørsvik Kvamme**<br>• Presentasjon Baseline report WP 2. Resultat og konklusjonar frå gjennomført spørjeundersøking og fokusgruppeintervju.<br>• Orientering om status og vidare framdrift, WP3.<br><br>Vedlegg: Vedlegg sak 28 23 Baseline report version 29.4.2023<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa | O |
| | **Lunsj og open time – 11.00 – 12.00**<br>**Aktuelt tema:**<br><br>• **Ang avslutting av HelseRespons** v/ Lars Tveit Status HelseRespons.docx<br><br>Det er ønske om at alle kommunane inkl. legekontor berre brukar Helsenorge som kommunikasjonsplattforma ut til innbyggarane. Ein bør ikkje bruka den private plattforma HelseRepons. Alle nasjonale tenester kjem i Helsenorge plattforma framover.<br><br>**Vedtak:** Det er einigheit om at kommunane avsluttar HelseRespons. Kommunalsjefane HO får eit notat frå Kommunedirektørane som gjev dei mynde til å avslutte bruk av Helserespons i kommunane. | |
| **29/23** | Oppfølging av **rapport rekruttering** helsefagarbeidar<br>Mappe med vedlegg:<br>Prosjekt rekruttering opplæring helsefagarbeidarar 2022-23<br><br>Gjennomgang av rapport frå februar-23.<br><br>**Drøfting:**<br>- Det er einigheit om at kvar einskild kommune må trekke ut dei tiltaka som er relevant for dei i rapporten, og nyttiggjera rapporten utan å laga eit nytt prosjekt.<br>- Diskusjon rundt kva retning kommunane i NH skal gå saman utan å gå på tvers av opplæringskontorene sine oppgåver. Viktig å bruke Helsehuset, få til konkrete ting i fellesskap på huset -kursing, fagdagar, opplegg og samling for lærlingar, kompetanseheving, nettverksmøter.<br>- Viktig å saman løfte statusen og interessa for helsefaga.<br>- Ynskje om å få **Aldring og Helse-**klasse til Region Nordhordland Helsehus. Få helsefagarbeidarutdanning på ein lågare terskel ute i distrikta, tilrettelagt, så fleire kan ta utdanning. Skal ein for eksempel å | D / V |

| | | |
|---|---|---|
| | søkje om skjønnsmidlar i haust pga rekrutteringsutfordringar? Rapporten kan ligge til grunn i ein slik søknad.<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefsgruppa jobbar vidare med saka om **Aldring og Helse** kan bli eit tilbod lokalt i NH koordinert under Kunnskapssenteret – Fag og Tenesteutvikling. Anita undersøkjer moglegheiter.<br>Saka vert tatt opp igjen til hausten. | |
| **30/23** | **Val av ny leiar og nestleiar** – kommunalsjefsgruppa HO NH<br><br>Leni Dale har satt som leiar i 2 år, Tonje Husum Aarland har satt som nestleiar i 1 år.<br><br>**Vedtak:**<br>• Kristin Ruud Myking overtek som leiar i Kommunalsjefsgruppa HO NH frå august-23.<br>• Tonje Husum Aarland fortsett som nestleiar eit år til.<br>• Tonje Husum Aarland overtek vervet i KS-e.helse frå Kristin Ruud Myking.<br>• Mona Molland overtek vervet i KS-kommunalsjefsnettverket frå Kristin Ruud Myking. | D / V |
| **31/23** | **Status mandat** - Anne Hildegunn, Mona og Kathrin<br><br>**Vedtak:** Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa. Ein endrar rekkefølge på oppsettet og sluttfører arbeidet til neste kommunalsjefsmøtet 25.august-23 | O |
| **32/23** | **Eventuelt:**<br><br>• Kommunal representant til arbeidsgruppe for felles overordna strategi for Helsefellesskapet. Vedlegg: Sak 15 23 - etablering av arbeidsgruppe-overordna strategi<br><br>**Vedtak:** Kommunedirektør Ørjan Raknes Fortun stiller for Nordhordland i denne arbeidsgruppa sidan han allereie er ein del av SSU.<br><br>• **Kommunale fysioterapeutar i NH** – Det er økt fag/spesialiserings krav til dei kommunale fysioterapeutane utover kva dei lokalt kan handtera i kvar enkel kommune. Dette gjeld særleg dei minste kommunane. Er desse økte utfordringane/krava noko ein kan samarbeide om på tvers av kommunane? Eksempel er behovet for fysioterapeutar som kan lymfedrenasje osv.<br><br>**Vedtak:** Kvar kommune undersøkjer sin kompetanse og behov innan fysioterapi. Saka fylgjes opp på neste møte 25.august-23.<br><br>• Kommentar til referatet frå 21.april.23 - ang sak 19/23 - **Barn som pårørende -** Korleis skal kommunane handtera at meldingane går til | |

| | | |
|---|---|---|
| | helsestasjon frå journal i helseføretaket på personar som ikkje har journal på helsestasjonen, t.d. far til barn?<br><br>**Vedtak:** Spørsmål er vidaresendt til prosjektleiar Anita Bøe Langos ved HDS. Ho skal undersøke korleis andre kommunar har gjort detta i praksis, og kjem tilbake med svar. | |